



Bodil Lundøy Magnus Helgesen  
Skarvegen 86  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/1911 - 18/20072

Saksbehandlar:  
Trygve Solberg  
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:  
21.06.2018

## Løyve til riving av garasje - gbnr 139/42 og 63 Tveiten nedre

### Administrativt vedtak. Saknr: 316/18

**Tiltakshavar:** Bodil Lundøy og Magnus Helgesen  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

### Tiltak

Saka gjeld søknad om riving av garasje med bygd areal (BYA) ca. 48 m<sup>2</sup>. Dette i samband med utvida bruk av avkjørsle.

Det vert elles vist til søknad motteken 20.06.2018.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 20.06.2018 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

### Planstatus

Eigedommen ligg i område for kommunedelplan Knarvik Alversund 2007 – 2019.

### Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

### Uttale frå anna styresmakt

Statens vegvesen har i vedtak frå 31.08.2017 gitt løyve til utvida bruk av avkjørsle på gbnr 139/63 og 65 med vilkår om at eksisterande garasje på gbnr 139/42 og 63 vert fjerna eller flytta.

### Nabovarsel

Det er gjeve fritak frå krav om nabovarsling.

### Plassering

Tiltak som skal rivast er vist i situasjonsplan datert 11.05.2017.

### VURDERING:



### **Privatrettslege tilhøve**

Heimelshavere til gbnr 139/42 og 63 har i erklæring datert 19.06.2018 godteke at garasjen vert riven. Dette i høve utvida bruk av avkjørsle til gbnr 139/63 og 65.

### **VEDTAK:**

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-4 vert det gjeve løyve til riving av eksisterende garasje.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «18/1911»

### **Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at arbeidet vert utført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

### **Bortfall av løyve**

Om arbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

### **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

### **Ferdigstilling**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Majo Egedom AS

Lindåsvegen 154 5914

ISDALSTØ

### **Mottakar:**

Bodil Lundøy Magnus Helgesen

Skarvegen 86 5911

ALVERSUND